




## Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

### Innhold:

Del 1 - Bakgrunn	3
Del 2 - Forslag til tiltak	10
Del 3 - Budsjettforslag	34
Del 4 - Politisk behandling	46
Del 5 - Vedtekte budsjett	50

*Biletet i toppen er frå Meadalen med utsikt over Vårdalen.*

*Foto: Merete Byroygard*

Lom kommune  
Midtgard  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Epost: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)  
<http://www.lom.kommune.no>

# Lom kommune Budsjett 2015 Økonomi- og handlingsplan 2016-2018

<u>Del 1</u>	<u>Bakgrunn for budsjettet</u>	<u>3</u>
1.1	Vurdering frå administrasjonssjefen	3
1.2	Overordna styringssignal og utvikling	4
1.3	Overordna mål og strategiar	6
1.4	Handlefridom i økonomien - prioriteringar	7
1.5	Budsjettprosessen	9
1.6	Målsetjing med budsjettarbeidet	9
1.7	Føresetnader for budsjettet	9
<u>Del 2</u>	<u>Forslag til tiltak frå tenesteområda</u>	<u>10</u>
2.1	Staben til administrasjonssjefen	10
2.2	Støttefunksjonen	11
2.3	Loar skule	13
2.4	Garmo oppvekstsenter	15
2.5	Lom ungdomsskule	17
2.6	Loar barnehage	19
2.7	Miljø, teknisk, næring	21
2.8	Helse og velferd	25
2.9	Institusjonsbasert omsorg	28
2.10	Heimebasert omsorg	31
<u>Del 3</u>	<u>Administrasjonssjefen sitt forslag</u>	<u>34</u>
3.1	Prioriteringar og innsparingar i budsjettforslaget	34
3.2	Kraftinntekter og signal om utbytte frå Eidefoss	36
3.3	Innstilling frå administrasjonssjefen	36
<u>Del 4</u>	<u>Politisk behandling</u>	<u>46</u>
4.1	Behandling i formannskapet - første gang	46
4.2	Behandling i formannskapet - andre gang	47
4.3	Kommunestyret sitt vedtak	49
<u>Del 5</u>	<u>Vedteke budsjett i tal</u>	<u>50</u>
5.1	Investeringar og finansiering	50
5.2	Driftsbudsjett	51
5.3	Utvikling i lånegjeld	52
5.4	Fondskapital	52
5.5	Bruk av næringsfond	52

## Del 1 Bakgrunn for budsjettet

### 1.1 Vurdering frå administrasjonssjefen

For første gong på fleire år blir framlegg til budsjett lagt fram etter ein administrativ prosess. Det har ført til at budsjettprosessen har vore annleis organisert. Administrasjonen handterer dette etter oppdrag og føresetnad gjeve av formannskapet. Formannskapet avklara og at det ikkje var aktuelt å endre eigedomsskatten utover det som alt er etablert. Utover det var det ikkje lagt føringar utanom det som ligg i økonomiplanen.

På nytt finn eg det rett å kommentere forventningsnivået i høve kommunale tenester og slik det blir presentert av regjeringa. Dette er ein årleg repetisjonsøving på den måten at situasjonen for kommunen ikkje samsvarer med det som blir kommunisert frå overordna myndigheit, og at dette i neste omgang skaper urealistiske forventingar lokalt. Dette må rett nok korrigerast for reduksjon i folketal, og endring i demografi, som gjer at desse faktorane også fører til eit anna grunnlag enn forutsett.

Administrasjonen har arbeidd for å få til ei budsjettbalanse som i mindre grad enn tidlegare år er basert på generelt kutt («ostehøvelmetoden»). Det har berre i noko grad lykkast i og med at det i framlegget er lagt inn eit generelt kutt på 1 % på driftsrammene til tenesteområda. Dette kan vera ein konsekvens av redusert handlefridom. Det er fortsatt slik at lågare innbyggjartal fører til reduserte overføringar frå staten. Det er og slik at det er grunn til å følgje nøye med på utviklinga i skatteinntekter. Nivået for 2014 blir vidareført som grunnlag i 2015. I skrivande stund ser grunnlaget for 2014 til å bli lågare enn forutsett.

Av strukturendringar er det berre nedlegging av skulen i Garmo som går inn under den kategorien. Framlegget er ein naturleg konsekvens av prosessen knytt til vedtaka om vurdering og premissar for skulesaka som kommunestyret har gjort vedtak om. Effekten for 2015 gjeld da berre for «haustskuleåret».

72 % av driftsinntektene til kommunen er bunde opp i løn og sosiale utgifter. Det er derfor utover utgifter til løn avgrensa handlingsrom for reduksjon i driftsbudsjettet. Utover dette har det vore ein nøye gjennomgang av andre driftsutgifter.

Netto driftsresultat er budsjettert med 1 % for 2015. Dette er ikkje i tråd med målsetninga om netto driftsresultat på 3 %. Men det er likevel ei kraftig forbetring i høve budsjettet for 2014 som var budsjettert med negativt netto driftsresultat med 4 %. Driftsnivået er likevel framleis for høgt og kommunen må vera budd på å halde fram med strukturendringar og stram prioritering av driftsoppgåver.

I økonomiplanperioden er det lagt inn nokre store investeringstiltak som vart kommentert særskilt i førre budsjett. Det gjeld helsesenter og symjebasseng.

Prioritering av «sjølvfinansierande» investeringstiltak som oppgradering/investering i VAR-området og utleigebustader har derfor vore gjort som utgangspunkt for investeringsbudsjettet.

Administrasjonen har vore i sterk tvil om helsesenter og symjebasseng skulle foreslåast som tiltak i 2015, eller om dei skulle utsettast i økonomiplanperioden. Det er grunngeve med at tiltaka svekkar driftsbalansen i kommunen og aukar lånegjelda. Vurdering av om tilrettelegginga kan gjerast i regi av ny kommune som følge av endra kommunestruktur har og vore gjort. Kan det t.d. bli slik at behov for symjeopplæring og etterspurnad etter helsesentertenester kan dekkjast av andre nåverande kommunar? Er det t.d. godt nok å få desse tenestene frå andre kommunar som t.d. Skjåk. Det betyr ei reisetid for våre innbyggjarar. Ved ei strukturendring vil dette vera av dei ufordringane og avklaringane ein uansett vil stå framfor. Det at tiltaka etter ei totalvurdering blir foreslått lagt inn i 2015 er grunngeve med at prosess for planlegging nærast er slutført, og at det langt på veg er tatt høgde for dette i gjeldande økonomiplan. Det viktigaste er likevel at kommunen sjølv sagt har eit ynskje om å legge tilboda knytt til desse tiltaka til rette for både tilsette og innbyggjarar elles. Men konsekvensen er at lånegjelda aukar og at handlefridomen i drift blir tilsvarande svekka.

Med dette utgangspunktet vil administrasjonssjefen forutsette at kommunen berre unntaksvis og etter særleg streng prioritering gjer nye løyvingar til drift og investering som svekkar budsjettbalansen i løpet av eit driftsår. Det er særdeles viktig å halde ein stø kurs i høve dette for å få forutsett utvikling i lånegjeld og å bygge opp naudsynte fondsreserver.

Av strukturelle endringar og utfordringar elles, må kommunereformen nemnast. Usikkerheit knytt til framtidig inntektssystem for kommunane og korleis kommunane blir er definitivt til stades. Det er sannsynleg at mindre kommunar og distriktskommunar ikkje vil koma styrka ut i høve desse rammevilkåra i komande år. Det blir fort da eit spørsmål om kor lenge ein vil vera i stand til å møte denne utviklinga med effektivisering og praksis- og tilbodsending. Tilstrekkeleg avklaring på dette er viktig for å få eit grunnlag for å organisere og tilrettelegge tenester og oppgåver kommunen skal løyse og legge til rette for våre innbyggjarar og samarbeidspartar elles.

## 1.2 Overordna styringssignal og utvikling

### 1.2.1 Viktige prioriteringar i statsbudsjettet

#### Her er eit utdrag frå kapitlet om kommuneøkonomi i statsbudsjettet for 2015:

”En robust og forutsigbar kommuneøkonomi er viktig for at kommunene skal kunne ivareta sine oppgaver. Regjeringens forslag til kommuneopplegg for 2015 legger til rette for at kommunene og fylkeskommunene kan tilby flere og bedre tjenester. Opplegget gir rom for økt velferd for pleietrengende, et mer tilgjengelig barnehage tilbud og mer kunnskap i skolen.

Regjeringen mener samtidig at det er rom for mer effektiv ressursbruk i sektoren. Dersom kommunene og fylkeskommunene klarer å effektivisere, vil tjenestetilbudet kunne styrkes ut over det som følger av inntektsveksten.

Regjeringens forslag til kommuneopplegg for 2015 innebærer en realvekst i samlede inntekter på 6,2 mrd. kroner regnet fra anslått inntektsnivå i 2014 i Revidert nasjonalbudsjett 2014.”

”Innenfor veksten i frie inntekter er enkelte formål særskilt ivarettatt. Av veksten for kommunene begrunnes 200 mill. kroner med en styrking av helsestasjons- og skolehelsetjenesten, 200 mill. kroner med kommunale tjenester innenfor rus og psykisk helse og 100 mill. kroner med et mer fleksibelt barnehageopptak.”

”I tillegg til veksten i frie inntekter legger Regjeringen til rette for flere og bedre tjenester innenfor en rekke kommunale ansvarsområder. Innenfor de kommunale helse- og omsorgstjenestene foreslår Regjeringen bl.a. 300 mill. kroner til brukerstyrt personlig assistanse og at det kan gis tilsagn om 2 500 plasser innenfor investeringstilskuddet til sykehjemsplasser og omsorgsboliger. Regjeringen foreslår 112 mill. kroner til innføring av et nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagen for familier med lav inntekt. Innen skolesektoren foreslår Regjeringen en investeringsramme på 3 mrd. kroner innenfor rentekompensasjonsordningen for skole- og svømmeanlegg.”

### 1.2.2 KS si uttale til statsbudsjettet

#### Statsbudsjettet: ”Behov for forbedringer”

8 oktober la regjeringa fram forslaget til statsbudsjett for 2015. Her er eit utdrag frå den første reaksjoenen til KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) sin styreleiar:

”- Regjeringen følger opp det den har varslet. Men vi håper på forbedringer særlig på klima, inkludering og pleie og omsorg før et endelig budsjett vedtas i Stortinget, sier KS-leder Gunn Marit Helgesen.

Helgesen er fornøyd med at regjeringen foreslår å øke de frie inntektene med 4,4 milliarder kroner, omtrent som varslet i kommuneproposisjonen i vår.

- Det meste av økningen i de såkalt frie midlene er jo bestemt av nærmest automatiske utgiftsøkninger som følge av endringer i befolkningen. Når disse utgiftsøkningene er justert noe ned, regner jeg med at det har vært fristende i budsjett diskusjonene i regjeringen å redusere inntektene tilsvarende. Regjeringen skal ha ros for at den da har prioritert velferdstjenestene i kommunene, sier Helgesen.

Det betyr at veksten i kommunesektorens frie inntekter dekker noe mer enn en ren videreføring av kommunesektorens tjenester neste år og økte pensjonskostnader. Men det er også helt nødvendig, ifølge KS-lederen.

- Kommunene melder om sterk vekst i kostnadene som følge av økte behov, særlig innen helse og omsorg, barnevern og sosiale tjenester. Disse behovene vokser klart sterkere enn befolkningsveksten, og dette vil fortsette også i 2015. Derfor er det skuffende at regjeringen strammer inn i ordningen for ressurskrevende tjenester. Våre medlemmer har også en klar frykt for at den nye lovfestede retten til brukerstyrt personlig assistent er klart underfinansiert i 2015.

#### Utfordringer for Stortinget

KS-lederen viser til flere felter der hun forventer forbedringer gjennom budsjettforhandlingene i Stortinget. I tillegg til helse og omsorg, gjelder det særlig på to områder: klima og integrering.”




Finansminister  
Siv Jensen la fram forslaget  
til statsbudsjett  
8. oktober 2014.  
Foto: Finansdepartementet




Gunn Marit Helgesen,  
styreleiar i KS.  
Foto: KS

### 1.2.3 Utvikling i folketallet





Folketalet i Lom kommune ved utgangen av året fra 2005 til 2013, og ved utgangen av 3. kvartal 2014. (Kjelde: SSB)



Prognosen er basert på dei to alternativa "middels nasjonal vekst" og "sterk aldring". (Kjelde: SSB)



◆ Middels nasjonal vekst  
■ Sterk aldring



Prognoser for folketallet i Lom fra 2015 til 2040 fordelt på aldersgrupper.

Prognosane er baserte på dei to alternativa "middels nasjonal vekst" og "sterk aldring". (Kjelde: SSB)

◆ Middels nasjonal vekst  
■ Sterk aldring



### 1.3 Overordna mål og strategiar

#### 1.3.1 Balansert målstyring (BMS)

##### Resultatleing er ein leiarfilosofi

som er basert på at politikarar, administrasjonssjef, leiarar og tilsette har dei same klart definerte måla og resultatkrava. Det skal vera stor fridom i korleis ein skal nå måla.

##### Kva meir er Balansert målstyring?

- Ein set fleire område i sentrum, ikkje berre økonomi.
- Lom har sett brukar, medarbeidar, økonomi, samhandling mellom politikk og administrasjon og læring og fornying i sentrum.
- Som hjelpemiddel er det laga målekart som fortel kva ein set fokus på innan kvart område.
- Kommunemålekartet er det overordna målekartet, og seier kva som skal målast totalt og for kvart tenesteområde.
- Målekarta skal vera forankra og aksepterte i heile organisasjonen.
- KS sine brukar- og medarbeidar-undersøkingar skal brukast som hjelpemiddel i resultatmålingane.
- BMS vil gje grunnlag for dialog mellom politikarar og administrasjonssjef, mellom administrasjonssjef og leiargruppe og mellom dei einskilde leiarane og deira tilsette. Dette vil gje grunnlag for ein brei medverknad frå heile organisasjonen i arbeidet mot felles mål.
- Ein flatare organisasjonsmodell med stor bruk av delegering gjer det naudsynt med eit anna styringssystem.

#### 1.3.2 Kommunemålekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg res 2013	Lom		
				Mål 2013	Res 2013	Mål 2014
Økonomi	Økonomi- styring og drift	Brutto driftsresultat	1,3 %	1,6 %	0,3 %	-0,7%
		Netto driftsresultat	8,0 %	6,3 %	3,0 %	3,0%
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent	36,0 %	31,5 %	30,0 %	30,0%
		Langsiktig gjeld i % av driftsinntekter	230%	199%	212%	245%
	Likviditets- styring	Liquiditetsgrad 1	3,4	2,4	3,4	3,4
Arbeidskapital i % av driftsinntekter		34,0 %	31,8 %	34,0 %	32%	
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt, kva grad er du nøgd med næraste leiar	4,8	4,8	4,7	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala	4,3	4,1	4,3	4,3
		Løyser dykk felles arbeidsoppgåver på ein god måte	4,9	5,1	4,9	5,1
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig	4,9	5,3	5,0	5,0
	Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid	2,5 %	2,8 %	2,0 %	2,0 %
		Sjukefråvær langtid	3,9 %	3,5 %	3,0 %	3,0 %
		Svarprosent medarbeidarundersøking	83%	55%	80%	80 %
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet ditt?	4,9	4,9	4,6	4,9
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseheving?	4,3	4,5	4,3	4,5

Karakterskala i medarbeidarundersøkingane går frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

## 1.4 Handlefridom i økonomien - prioriteringar

### 1.4.1 Endringer i tilskot frå staten

Auka i dei frie inntektene til kommunesektoren er på 3,9 milliardar kroner. Sentrale styremakter har i sitt budsjettforslag lagt opp til ei styrking av:

- Helsestasjons – og skulehelsetenesta
- Rusomsorg og psykisk helse
- Fleksibelt barnehageopptak

Føringane i statsbudsjettet er ikkje øymerka og er frie midlar. Det er gjort vurderingar av desse føringane utan at det er særskilt lagt inn som auke på dei nemnde områda. Det er m.a. ut i frå at gjeldande ressursar er tilstrekkelege ut i frå ei totalvurdering.

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Endring
Skatt på inntekt og formue	-44 203 000	-47 154 000	-2 951 000
Statleg rammeoverføring	-72 775 000	-71 664 000	1 111 000
Inntektsutjamningstilskot	-12 224 000	-11 712 000	512 000
Skjøntilskot	-500 000	-700 000	-200 000
<b>Sum tilskot frå staten</b>	<b>-129 702 000</b>	<b>-131 230 000</b>	<b>-1 528 000</b>

#### Samhandlingsreforma

Frå 2015 er det ikkje lenger kommunal medfinansiering i samband med samhandlingsreforma. For Lom kommune er det dermed trekt ut frå rammeoverføringane kr 3 104 000. For 2013 var vår betaling på kr 2 630 000, men noko høgare i 2014. Hittil pr. 17.11.2014 har vi bokført kr 2 500 000. Regjeringa har valt det uttrekksalternativet som får størst inntektsreduksjon for kommunene.

Legg vi til uttrekket til auke i rammeoverføringar, får vi ei auke på kr 4 630 000.

#### Endringar i kontantstøtte (usikker konsekvens for barnehage)

Det blir trekt ut 405 millionar frå rammetilskotet til kommunane knytt til forventa nedgang i etterspørsel etter barnehageplassar som fylgje av endringar i kontantstøtta.

#### Ressurskrevjande tenester og brukarstyrt personleg assistanse

Innslagspunktet for tilskot til denne ordninga blir auka, det vil si at kostnadene må vera meir enn kr 1 080 000. Auka i innslagspunkt er større enn lønsveksten, slik at vi får ei negativ effekt for kommunen på grunn av denne endringa.

Regjeringa legg opp til at dei frie inntektene blir auka med 300 mill. kroner for rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for personer under 67 år: dette er tenkt for dei med stort og langvarig behov for personleg assistanse. I forslaget om rett til BPA, skal avlasting og støttekontakt inkludert. Det er svært usikre anslag for kor mange som vil koma innanfor ordninga. KS har gjort berekningar som syner at utgiftene kan komma opp i 800 millionar, og er derfor bekymra for om det er teke nok omsyn til veksten i tal personar dette omfattar.

#### Barnevern

Øymerka tilskot blir foreslått vidareført på same nivå i budsjettet for 2015, framleis fordelt til kommunane gjennom Fylkesmannen. Det er prosess med overføring av statlege oppgåver på barnevernsområdet til kommunane. Ein forventar at statlege ressursar fylgjer med oppgåvene som blir overført. Veksten i kostnadane for heimebaserte tiltak i barnevern er eit ynskje i faglig retning mot tidlig innsats der barnet bor. KS vil arbeide for å sikre nok ressursar for oppgåvene.

#### Integrering og flyktingar

Integreringstilskotet blir auka med 4 %. Dette er ei auke på 1 % ut over vanlig prisstigning. Tilskotet til utleigebustader blir auka med 50 mill., men sammenlignet med tilleggsløyving i revidert nasjonalbudsjett for 2014, er det en reduksjon.

#### Flaum- og skredsikring

I statsbudsjettet er det lagt inn ei ramme på kr 204 millionar til flom- og skredsikring. Tilsvarande beløp i 2015 var på kr 214 millionar på landsbasis.

Rentekompensasjon symjeanlegg

Lom kommune har ei ramme på i underkant av kr 7 millionar, som rentekompensasjon til skule- og symjeanlegg blir gjeve ut i frå.

Dette avsnittet er ikkje ei fullstendig utgreiing av statsbudsjettet, Vi viser derfor til meir fullstendig informasjon om statsbudsjettet for 2015 på nettstaden til KS ([www.ks.no](http://www.ks.no)).

**1.4.2 Samla driftsinntekter og utvikling i løns- og pensjonsutgifter**

	Rekneskap		Budsjett		Budsjett	
	2013	Prosent	2014	Prosent	2015	Prosent
Sum driftsinntekter	232 017 499	100%	206 955 521	100%	207 918 702	100%
Lønnsutgifter	124 604 155	54%	123 801 878	60%	123 946 980	60%
Sosiale utgifter	25 735 057	11%	27 679 529	13%	25 666 817	12%

Tabellen over syner løn og sosiale utgifter i forhold til sum driftsinntekter. Ein ser at sosiale utgifter har ein høgare del av utgiftene dei åra det er hovudoppgjer i lønnsforhandlingane.

**1.4.3 Øyremerka tilskot**

Det er få øyremerka tilskot til kommunane. Det er derfor verdt å nemne tilskotet til styrking av barnevern, som ein kan søkja på gjennom fylkesmannen.

**1.4.4 Kraftinntekter**

	Buds(end) 2014	Budsjett 2015	Endring
<b>Konsesjonskraft</b>			
Kjøp	4 500 000	4 500 000	0
Sal av konsesjonskraft	-10 100 000	-10 350 000	-250 000
<b>Sal av konsesjonskraft - netto</b>	<b>-5 600 000</b>	<b>-5 850 000</b>	<b>-250 000</b>

**1.4.5 Eigedomsskatt**

Lom kommune har eigedomsskatt på eigedomar på Fossbergom og på «Verker og bruk». Grunnlaget for utskriving av eigedomsskatt på kraftanlegg, som kjem inn under gruppa «Verker og bruk» er fastsett av staten. Nytt frå 2015 er at Smådøla kraftanlegg kjem inn under grunnlaget for berekning av eigedomsskatt. Fastsetting av grunnlaget vart noko høgare enn det som har vore signalisert tidlegare, der vi har nytta kr 500 000 som eigedomsskatt. Eigedomsskatten for dette anlegget vart kr 700 000.

	Buds(end) 2014	Budsjett 2015	Endring
<b>Eigedomsskatt</b>			
Eigedomsskatt verker og bruk	-3 503 129	-4 208 000	-704 871
Eigedomsskatt annan fast eigedom	-1 725 000	-1 725 000	0
Sum eigedomsskatt	-5 228 129	-5 933 000	-704 871

Kommunestyret kan gjera vedtak om endring av sats og botnfradrag.

## **1.5 Budsjettprosessen**

I motsetnad til tidlegare år, har budsjettprosessen vore administrativ. Administrasjonssjefen skal legge fram budsjettforslag for formannskapet.

Ei arbeidsgruppe har vore i arbeid. Gruppa har vore: Tillitsvald Johanne Hellebergshaugen, administrasjonssjef Ola Helstad, Herdis Kvamme Repp (representant for skule og barnehage), Øyvind Sødal (MTN), Bjørn Bakke (HV), Knut Arne Olstad (PLO), Karl Viggo Waldersløw (Støttefunksjonen), Torgeir Holø (Støttefunksjonen) og Egil Haug (Støttefunksjonen).

## **1.6 Målsetjing med budsjettarbeidet**

- Oppretthalde nødvendig tenestetilbod
- Prioritering av lovpålagde oppgåver
- Imøtekoma målsettingar i overordna planer og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 3 %.

## **1.7 Føresetnader for budsjettet**

- Årslønsvekst: 3,5 % (Prognose SSB), overheng 2 % (KS), 0,5%(lokal vurdering) – tillegg løn verknad for 2015: 2 %.
- Ordinær pensjonskostnader KLP: 18,3 % (2014: 20%)
- Ordinære pensjonskostnader STP: 11,55 %. (2014: 12,25%)
- Kostnader til AFP: Kr 640 000
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 %.
- KS prognosemodell vert nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente i samsvar med gjeldande rente oktober 2014
- Lånerente i samsvar med gjeldande rente oktober 2014.
- Avdrag basert på nedbetalingsplan frå långevar.
- Utbytte frå AS Eidefoss: kr 6 600 000.
- Bruk av konsesjonskraftinntektene til driftsføremål kr 5 850 000.
- Vidareføring av opphavleg budsjett 2014, med justering av vedtekne endringar.
- Middel til lønsjustering: 425 000

## Del 2 Forslag til tiltak frå tenesteområda

### 2.1 Staben til administrasjonssjefen

#### 2.1.1 Nøkkeltal for skulane

KOSTRA-tal revidert 13.08.2014	Lom			Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
	2011	2012	2013					
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	109 211	121 427	<b>127 741</b>	126 547	116 192	114 248	108 880	98 418
Netto driftsutgifter til skulefritidsordning, per innbyggjar 6-9 år	1 606	2 881	3 396	5 031	1 500	4 099	3 491	3 571
Netto driftsutgifter til skulelokale, per innbyggjar 6-15 år	20 090	21 075	21 665	19 623	17 843	18 077	17 738	15 829
Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år	4 108	4 371	4 556	6 645	4 190	3 516	3 235	1 975
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, prosent	5,3	4,8	<b>5,6</b>	5,4	3,1	10,1	7,7	8,4
Timer spesialundervisning i prosent av antall lærertimer totalt	12,9	14,0	15,2	15,6	11,9	19,3	17,4	17,8
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor, per elev	105 761	122 637	<b>133 149</b>	128 128	115 389	119 540	115 184	107 996
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, per elev i grunnskulen	2 767	2 486	2 941	1 786	1 729	1 738	1 499	1 379
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 1. - 4. årstrinn	10,5	10,7	8,9	12,4	13,0	11,3	11,9	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 5. - 7. årstrinn	10,9	10,3	11,0	12,0	12,8	11,4	12,0	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørleik, 8. - 10. årstrinn	11,7	11,4	12,3	11,6	13,9	12,8	13,5	14,3
Gjennomsnittlige grunnskulepoeng	39,6	37,4	<b>41,3</b>	38,5	39,8	..	39,6	40,0

#### 2.1.2 Nøkkeltal for barnehagane

KOSTRA-tal revidert 13.08.2014	Lom			Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
	2011	2012	2013					
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehager	112 462	127 227	<b>120 683</b>	139 764	101 295	116 578	114 788	118 772
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	85,6	87,6	<b>83,2</b>	85,4	88,0	90,0	91,2	90,8
Andel barn 0-5 år med barnehageplass	73,0	75,9	<b>65,9</b>	68,5	76,9	76,8	78,1	77,4
Korr. brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	156 371	174 529	<b>170 847</b>	192 274	142 862	160 741	156 039	163 400
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehagar per korrigert opphaldstime	64	67	<b>69</b>	70	56	55	56	54
Andel ansatte med førskulelærarutdanning	34,3	40,5	<b>41,2</b>	44,4	39,0	32,1	34,0	34,1
Andel ansatte med anna pedagogisk utdanning	5,7	2,7	<b>2,9</b>	-	-	3,0	4,0	3,4
Andel assistentar med førskulelærarutd, fagutd, eller anna pedagogisk utdanning	88,9	90,9	<b>100,0</b>	46,7	55,2	39,7	38,4	30,2

## 2.2 Støttefunksjonen

### 2.2.1 Status og analyse (SWOT)

Nåtid	Framtid
<u>Styrke</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Strategiar med tiltaksplan, gjev oversikt i overordna rbeidsoppgåver.</li> <li>Gode IKT – system.</li> <li>Elektronisk og mobiltilpassa skjemaløysing med MinID.</li> </ul>	<u>Moglegheiter (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikling av intranettet.</li> <li>Arbeidsgjevarstrategien gjev grunnlag for å arbeide med og synleggjera kommunen som god arbeidsgjevar.</li> <li>Implementere digitalpost til innbyggjarar og næringsliv</li> </ul>
<u>Kritiske forbettringsbehov (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Inneklima ved biblioteket – markiser på alle vindauga.</li> <li>Etablering av arena for erfaringsutveksling og internopplæring.</li> </ul>	<u>Spesielle utfordringar (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Manglande integrasjon mellom elektronisk skjemaløysing og fleire system for saksbehandling.</li> <li>Fleire som kan gå av med pensjon innan få år.</li> </ul>

### 2.2.2 Nøkkeltal

Finansielle nøkkeltal KOSTRA-tal revidert 13.08.2014	Lom			Skjåk 2013	Vågå 2013	Komm.- gruppe 2013	Opp- land 2013	Noreg u/Oslo 2013
	2011	2012	2013					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,8	1,0	1,7	1,0	0,6	1,8	0,6	1,8
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	7,9	6,2	<b>6,3</b>	5,4	2,3	2,3	1,6	2,4
Frie inntekter i kroner per innbyggjar	48 597	51 837	<b>53 818</b>	53 842	55 415	53 471	48 149	47 417
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	164,3	190,3	<b>198,7</b>	217,4	234,7	205,6	199,5	202,0
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	36,5	36,9	<b>31,8</b>	49,0	20,7	15,2	24,1	14,7
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	24 505	41 539	<b>53 421</b>	14 143	73 316	54 156	43 079	46 985

### 2.2.3 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksess- faktor	Indikator	Noreg	Støttefunksjonen			
			res. 2013	mål 2013	res. 2013	mål 2014	mål 2015
Brukarar	Opplevd kvalitet	Støttefunksjonen gjev god service ved kontakt	5,0	4,9	5,1	4,8	5,0
		Støttefunksjonen er løysingsorientert	4,8		4,9	4,7	4,7
		Støttefunksjonen held avtalde fristar	4,8		4,6	4,6	4,6
		Støttefunksjonen tydeleggjer tenestene eg kan få	4,7		4,7	4,7	4,7

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Noreg	Støttefunksjonen			
			res. 2013	mål 2013	res. 2013	mål 2014	mål 2015
Brukarar	Målt kvalitet	Restansar i sak/arkivsystemet	-	15 %		15 %	15 %
		Andel saker handsama innan 14 dagar	-	80 %		80 %	80 %
		Total score i kvalitet på heimesida	60 %	92 %	75 %	85 %	85 %
		Besøkande på kommunenettstaden pr. veke	-	8 000	1 796	6 000	5 000
Brukarar biblioteket	Målt kvalitet	Utlån pr. innbyggjar	-	1 i Opp-land	1 i Opp-land	1 i Opp-land	1 i Opp-land
		Opplevd kvalitet					
		Kor flinke er dei tilsette til å hjelpe deg?	5,6	5,9	6,0	5,9	5,9
		Er det mogleg å påverke lånetilbudet?	4,7	5,2	4,7	5,2	5,2
		Korleis er informasjon om nye bøker?	5,3	5,2	5,3	5,2	5,2
Med-arbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,8	4,5	4,4	4,5	4,7
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	5,0	4,5	5,0	5,0
		Løysar dykk felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte	4,8	5,0	5,0	5,1	5,1
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	5,0	5,6	5,1	5,5
	Målt kvalitet						
	Sjukefråvær korttid	-	1,7 %	1,6 %	1,7 %	1,6 %	
	Sjukefråvær langtid	-	2,0 %	1,6 %	2,0 %	1,6 %	
Læring og fornying	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,7	4,9	4,9	5,1	5,0
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,3	4,9	4,5	4,9	4,9

Brukar- og medarbeidarundersøkingar, karakterskala frå 1 (dårlegast) til 6 (best).

#### 2.2.4 Forslag til tiltak

##### Drift 2015 – 2018 (nye tiltak over 100 000 kroner eks. mva)

Tiltak	2015	2016	2017	2018
Behov for auka budsjett til utskifting av IT - utstyr. Det er utarbeidd statusrapport over utstyret. 2015 syner behov for auke. Dei andre åra syner totalt utskiftingsbudsjett.	400 000	600 000	600 000	600 000

## 2.3 Loar skule

### 2.3.1 Status og analyse (SWOT)

Nåtid	Framtid
<u>Styrke</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God ressurstilgang</li> <li>• Brei kompetanse i personalet</li> <li>• Løysingsfokusert kollegium</li> </ul>	<u>Moglegheiter (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Leksehjelp for alle stega med bruk av pedagogar</li> <li>• Implementere leseplanen og Mattelyst</li> <li>• Vidareutvikle uteskulen</li> </ul>
<u>Kritiske forbettringsbehov (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• For få elevpc-ar, lærarpc-ar og mangel på digitale tavler.</li> <li>• Betre låsesystem og brannvarsling for heile skuleanlegget.</li> <li>• For fåe og for små rom til tilsette og elevar, blant anna møterommet.</li> </ul>	<u>Spesielle utfordringar (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane har ikkje hatt tilstrekkeleg svømmeundervisning siste åra og har difor ikkje nådd kompetansemåla i kroppsøving.</li> <li>• Å nå kompetansemåla i digitale ferdigheiter</li> <li>• Trafikal tilrettelegging for levering og henting av elevar.</li> <li>• Gå grundigare inn i dei ulike satsingsområda.</li> </ul>

### 2.3.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for barneskulane er oppgjevne i kapittel 2.1.1 på side 10.

### 2.3.3 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg		Loar skule		
			res 2013	mål 2013	res 2013	mål 2014	mål 2015
Brukarar	Opplevd kvalitet	Trivsel *)	4,4	*)	4,1	4,5	
		Mobbing på skulen	1,3	1,2	1,2	1,2	
		Vurdering for læring *)	3,8	*)	4,1	4,0	
	Målt kvalitet	Tilfreds med dialog heim skule	4,3	4,5	4,1	4,5	
		Nasjonale prøver 5. steg lesing. **)	24%		21%	10%	
		Nasjonale prøver 5. steg rekning. **)	27%		29%	10%	
Medarbeidarar	Opplevd kvalitet	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,8	4,5	5,4	4,5	
		Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	4,0	3,5	3,2	3,5	
		Løyser de felles arbeidsoppgåver på arbeidsplassen på ein god måte?	4,9	4,7	4,9	4,7	
		Har du høve til å arbeide sjølvstendig?	5,2	4,7	4,9	5,0	
		I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	4,0	3,8	3,3	4,0	

\*) Elevundersøkinga er endra, kan difor ikkje samanliknast med tidlegare år.

\*\*) Prosentdel på meistringsnivå 1 av tre nivå.



## 2.4 Garmo oppvekstsenter

### 2.4.1 Status og analyse (SWOT)

Nåtid	Framtid
<u>Styrke</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Få elevar gjev rom for god oppfølging av kvar enkelt elev</li> <li>Godt samarbeid mellom barnehagen og skulen</li> <li>Pedagogar på leksehjelp for alle klasser</li> </ul>	<u>Moglegheiter (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføre arbeidet med ALU, VFL og Mattelyst</li> <li>Større fokus på differensierte aktivitetar og utfordringar i barnehagen.</li> <li>Implementere leseplanen og Mattelyst</li> </ul>
<u>Kritiske forbettringsbehov (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nå kompetansemåla i svømming</li> <li>Utdatert IKT-utstyr (både lærarar og elevar)</li> <li>For fåe grupperom</li> </ul>	<u>Spesielle utfordringar (prioritert)</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>Ein liten skule med få elevar gjev utfordringar når det gjeld det sosiale, ein av utfordringane ligg i å skape eit miljø der alle har nokon å vere saman med.</li> <li>Få tid og råd til å drive svømmeopplæring fram til bassenget i Utgard er i drift igjen.</li> </ul>

### 2.4.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for skulane er oppgjevne i kapittel 2.1.1. på side 10.

Nøkkeltal for barnehagane er oppgjevne i kapittel 2.1.2 på side 10.

### 2.4.3 Målekart

Fokus-område	Kritisk suksess-faktor	Indikator	Garmo oppvekstsenter			
			Noreg res2013	mål 2013	res 2013	mål 2014
Brukar skule	kvalitet	Trivsel*	4,4	*	4,4	4,7
		Vurdering for læring*	3,8	*	3,8	3,5
		Mobbing på skulen	1,3	1,0	1,6	1,0
		Tilfreds med dialog heim-skule	4,3	6,0	4,6	4,5
Brukar barnehage	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	6,0	5,7	5,8
		Foreldre sine moglegheiter for medinnflytelse	4,6	4,5	4,7	4,6
		Respektfull behandling av barnet	5,4	6,0	5,8	5,6
		Barnehagen sitt bidrag til språkutviklinga til barnet	5,1	5,0	5,4	5,0
		Målt kvalitet	Talet på barn på venteliste		0	0

\*) Elevundersøkinga er endra, kan difor ikkje samanliknast med tidlegare år.

Brukar skule går på ein skal frå 1-5, medan brukar barnehage går frå 1-6.



## 2.5 Lom ungdomsskule

### 2.5.1 Status og analyse (SWOT)

<u>Nåtid</u>	<u>Framtid</u>
<p><u>Styrke</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Høg kompetanse og stabilitet i personalet.. Godt arbeidsmiljø med svært lågt sjukefråver</li> <li>• God ressurstilgang/politisk og administrativ forståing.</li> <li>• Godt samarbeid med PPT som gjer at vi får følgt godt opp elevar som har behov for hjelp.</li> <li>• Nesten alle elevane fullfører vidaregåande utdanning.</li> </ul>	<p><u>Moglegheiter (prioriterte)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutdanning av lærarar. Mattesatsinga som er sett i gong vil, gjere lærarane enda betre kvalifisert til å auke den matematiske forståinga hos elevane.</li> <li>• Tett samarbeid mellom skule, PPT, helsesystem og Bup for å førebyggje og hjelpe elevar som slit psykisk.</li> <li>• Viktig med tett oppfølging av einskildelevar(stor lærartettleik) slik at dei får det læringsutbyttet som er naudsynt for å fullføre vidaregåande utdanning.</li> </ul>
<p><u>Kritiske forbettringsbehov (prioriterte)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mykje av datautstyret på skulen har gått ut på dato. Spesielt gjeld dette lærarmaskiner. I tillegg bør skulen få 20 nye berbare PC-ar til elevbruk og 10 nettbrett..</li> <li>• Mange elevar slit med psykiske plagar. Dette gjev seg utslag i fråver og problem med å følgje opp skulearbeidet.</li> </ul>	<p><u>Spesielle utfordringar (prioriterte)</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Viktig at det blir lagt til rette for at lærarane får tid til å følgje opp den kursinga som er sett i gong i matematikk/rekning for å auke den matematiske forståinga hos elevane. Mange elevar slit med matematikk fordi dei manglar matematisk forståing.</li> <li>• I budsjettet må det kome på plass middel til å fornye dataparken på skulen. Skulen må og sørgje for at lærarane gjennom kursing aukar sin datakompetanse. Utviklinga innan datateknologien går så fort at dataferdigheit som var god i går, er for gamal i dag</li> <li>• Grunnskulen i Lom bør få ein sosiallærer slik at ein kan førebyggje og hjelpe elevar som slit psykisk og sosialt.</li> </ul>

### 2.5.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for skulane er oppgjevne i kapittel 2.1.1 på side 10.

**2.5.3 Målekart**

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg res 2012	Lom ungdomsskule					
				mål 2013	res 2013	mål 2014	mål 2015		
Brukarar	Opplevd kvalitet	Sosial trivsel	4,2	4,4		4,4	4,5		
		Trivsel med lærarane	3,8	4,2		4,2	4,2		
		Mobbing på skulen	1,4	1,2		1,2	1,2		
		Fagleg rettleiing av lærar	3,1	3,8		3,8	3,9		
		Tilfreds med dialog heim- skule	4,2	4,3		4,3	4,2		
	Målt kvalitet	Gjennomsnitt grunnskulepoeng	39,9	39,0	41,3	39,0	39,5		
		Resultat NP lesing 9. klassenivå 1 og 2 av 5 nivå	17,9 %	12,0 %		10,0 %	10,0%		
		Resultat NP regning 9. klasse nivå 1 og 2 av 5 nivå	18,4 %	14,0 %		16,0 %	15,0%		
		Med- arbeidararkvalitet	Opplevd	Alt i alt i kva grad er du nøgd med næraste leiar?	4,6	5,5	5,7	5,5	5,5
				Er du nøgd med standarden på arbeidslokala?	3,9	5,2	5,3	5,2	5,2
I kva grad har du tid til å gjera jobben din?	3,9			4,2	4,1	4,2	4,0		
Målt kvalitet	Sjukefråvær korttid		2,0 %	1,3 %	3,0 %	3,0 %			
	Sjukefråvær langtid		3,0 %	2,1 %	3,0 %	3,0 %			
	Svarprosent medarbeidarundersøking		85%	89%	85%	85 %			
Læring og fornyning	Opplevd kvalitet	I kva grad lærer du noko nytt gjennom arbeidet?	4,3	5,0	5,5	5,2	5,3		
		I kva grad legg arbeidsgjevar til rette for kompetanseutvikling?	4,1	5,0	5,2	5,0	5,1		

Har ikkje teke med sjukefråveret på landsbasis. For Lom så er det for dei 8 første månadene

## 2.6 Loar barnehage

### 2.6.1 Status og analyse (SWOT)

#### Nåtid

##### Styrke

- Svært kompetent personale: Alle assistentane har fagutdanning. 4 har 15 studiepoeng vidareutdanning. Alle pedagogane har førskulelærerutdanning; 3 har vidareutdanning i spes.ped, 5 har vidareutdanning i barnehageleing.
- Arbeidd med kvalitetsutvikling etter systematisk metode over fleire år.
- 2 årig kompetanseheving for personale i matematikk (Mattelyst: 6 k , matematikksenteret, Dronning Maud)
- Stor etterspørsel etter barnehageplassar siste året.

##### Kritiske forbettringsbehov (prioritert)

- Styrka bemanning på barnsavdelingane
- Bygning til oppbevaring av vogner og soving.
- Betre nettilgang og oppdatert IT –utstyr.

#### Framtid

##### Moglegheiter (prioritert)

- Nytt tilbod om vidareutdanning for assistentar i regi av Fylkesmannen og Høgskulen i Lillehammer.
- Lage rutiner for årlege barnesamtaler med 4 – og 5 åringane med trivsel som tema.

##### Spesielle utfordringar (prioritert)

- Stor søknad til småbarnsavdelingane; mange heilt små (1-åringar)
- Utfordrande i høve bemanning :At det må vere 2 pedagogar på desse avdelingane( ifg pedagognormen ), gjer det ekstra utfordrande å dekke dagen på ein forsvarleg måte.
- Liten plass på småbarnsavdelingane, har ikkje lagringsplass for vogner , og også liten plass for soving inne.
- Fleire får ikkje fyrsteynsket sitt ved opptak, og fordeling av barnehageplassane skaper misnøye.
- Mange ynskjer fleire dagar eller å byte dagar etter at opptaket er ferdig. Gjer det utfordrande å fordele barn og personale.
- Signal frå foreldre om ynskje om utvida opningstid.

### 2.6.2 Nøkkeltal

Nøkkeltal for barnehagane er oppgjevne i kapittel 2.1.2 på side 10.

### 2.6.3 Målekart

Fokus- område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Noreg		Loar barnehage			
			res 2013	mål 2013	res 2013	mål 2014	mål 2015	
Brukarar	Opplevd kvalitet	Tilfreds med tilgjenge	5,4	5,5	5,6	5,7	5,6	
		Foreldra sine moglegheiter for medverknad over barnehagetilbodet	4,6	4,6	4,9	4,6	5,0	
		Respektfull behandling av barnet	5,4	5,5	5,6	5,6	5,6	
		Barnehagens bidrag til språkutviklinga	5,1	5,3	5,3	5,3	5,5	
